

Saksgang

Utvat	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		13.02.2020

Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland for 2020

Forslag til vedtak:

1. Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek ramma som ligg i oppdaragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til Innovasjon Norge Vestland for 2020.
2. Vestland fylkeskommune innvilgar kr 75 477 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2020.
3. Innanfor denne øyremerka ramma rår utval for næring, naturressursar og innovasjon til følgande fordeling knytt til KMD sin budsjettpost kap. 553, post 61:

<input type="radio"/> Bedriftsnettverk	kr 4 000 000
<input type="radio"/> Mentortenesta	kr 1 500 000
<input type="radio"/> Etablerartilskot marknadsavklaring	kr 5 000 000
<input type="radio"/> Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	kr 64 977 000
4. Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond forvalta av Innovasjon Norge Vestland. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.
5. Beløp knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje fastsett i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapportar om faktiske kostnader knytt til administrasjon- og gjennomføringskostnader.
6. Vestland fylkeskommune forventar at Innovasjon Norge Vestland skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein samarbeidspartner, og delta aktivt på dei arenaene som bidreg til å utløyse moglegheiter og møte utfordringane i regionen. Blant anna i den regionale partnarskapen mellom Vestland fylkeskommune, Siva og Forskningsrådet.

Rune Haugdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg
1 Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland for 2020

Samandrag

På bakgrunn av regionreforma, har fylkeskommunen frå 1 januar 2020 tatt over oppdragsgjevaransvaret for til saman fem ulike ordningar til Innovasjon Norge og Siva. Kr 99 377 000 kjem frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, og skal fordelast til desse aktørane. Fylkeskommunen kan ikkje forvalte midla sjølv. Vestland fylkeskommune fordeler no midler til dei tre bedriftsretta ordningane Bedriftsnettverk, Mentortenesta for gründerar, Landsdekkjande etablerartilskot, samt Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta. Totalt kr 75 477 000.

Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond forvalta av Innovasjon Noreg. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta.

I overføringa frå staten inngår det òg administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dette beløpet er ikkje fastsett i oppdragsbrevet, og fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapportar om faktiske kostnader knytt til dette.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå 1. januar 2020 er fylkeskommunane, frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kulturdepartementet, gjeve oppdragsgjevaransvaret for følgande ordningar:

- Innovasjon Noreg og SIVA sine bedriftsretta ordningar,
- ordninga Bedriftsnettverk
- Mentortenesta for gründerar,
- Landsdekkjande etablerartilskot,
- Næringshageprogrammet og Inkubatorprogrammet

Det er overført samla kr 99 377 000,- frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Dette beløpet skal fordelast til desse aktørane. I overføringsbrevet frå departementet, som er meldt utvalet som referatsak tidlegare, er dei ei føring at midla ikkje kan omdisponerast til andre formål en desse.

Midlane er samla i ei ny øyremerk ordning under kap. 553, post 61, og kan ikkje omdisponerast til andre tiltak. Tidlegare kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskuddsordninger i distrikta, er òg lagt inn i denne posten. Den samla løyvinga på posten er i 2020 763,3 millionar kroner, der Vestland fylke er tildelt kr 99.377.000,-.

Oppdragsbrevet frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet for 2020 opnar for at kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil kr 100 000,- over posten til å dekkje kostnader fylkeskommunen har ved å utforme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Norge og Siva. Ramma er difor redusert med kr 100.000,-.

Vestland fylkeskommune fordeler i denne saka til saman kr 75 477 000,- som vert overført til Innovasjon Norge Vestland for 2020. Størsteparten av denne summen, kr. 64 977 000,- vil gå til direkte til bedriftsretta låne- og tilskuddsordninger i distrikt.

Innovasjon Norge Vestland si erfaring er at behova for dei ulike ordningane varierer frå år til år, og at det difor er ynskjeleg med fleksibilitet i midla. Vestland fylkeskommune imøteser dette, og vil at dette er tema for den styringsdialogen som skal vere mellom partane.

Signalat frå Innovasjon Norge Vestland er likevel at ein har eit forventa forbruk på:

Bedriftsnettverk	kr 4 000 000,-
Mentortenesta	kr 1 500 000,-
Etablerartilskot marknadsavklaring	kr 5 000 000,-

Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond. Dette fondet skal forvaltast Innovasjon Noreg Vestland. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.

Regionale etablerarfond skal vera øyremerk entreprenørskap og/eller konkret etablerarstøtte til verksemder i heile Vestland fylke. Tilskotet skal bidra til gjennomføring av tiltak i tidleg oppstartfase, og gje gründaren kompetanse om marknad og økonomi. Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemd som fell utanfor Innovasjon Noreg sine ordinære ordningar.

Den samla løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for den forvaltinga Innovasjon Noreg gjer av ordningane. Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekkje alle administrasjons- og gjennomføringskostnadene for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt berekner vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag basert på erfaringstal. Vederlag for særskilde satsinger utover dei ordinære tenesteleveransane, må Innovasjon Noreg avtale med den einskilde fylkeskommunen.

Beløpet som skal nyttast til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikke spesifisert i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapporteringar av faktiske kostnader.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikke relevant for fylkesbudsjettet, då dette er midlar overført frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, som fylkeskommunen ikkje kan disponere til andre tiltak enn Siva og Innovasjon Norge Vestland. Med unntak av fylkeskommunale renteinntekter, som skal vere med og finansiere regionale etablerarfond.

Klima: Overføringane er relevant for klima, då blant anna omstilling, grøn konkurransekraft og klimainnovasjon er viktige områder som Innovasjon Norge Vestland jobbar med.

Folkehelse: Ikke relevant.

Regional planstrategi: Innovasjon Norge Vestland er ein viktig aktør og premissleverandør i utarbeidning av regional planstrategi.